

PA 2 – Borghild Krane, bokmanus 1946/47

Kortfatta informasjon om Privatarkiv nr. 2: Borghild Krane

Borghild Krane (1906–1997), oppvaksen i Tromsø. Lege, psykiater og bibliotekar. Ho var lege i Tromsø 1943–1945. Ho var ei av dei første til å skildra lesbisk kjærleik i norsk litteratur, og var også ein ivrig Amalie Skram-forskar. Borghild Krane var forøvrig også katolikk og sommaren 1964 sendte ho ut ein appell til katolikkar om å slutta seg saman i forsvar for kyrkja sin liturgiske arv. Resultatet var en rekke nasjonale forbund som vart oppretta i 1964/65, først i Frankrike. Der fekk rørsla også sitt namn, *Una Voce* (med ei røyst), offisielt grunnlagt den 19. desember 1964. Denne grupperinga forsvarar både den latinske arven og Andre Vatikankonsil. Borghild Krane er rekna som grunnleggjaren av rørsla også internasjonalt. Det er skrive to hovudoppgåver om henne og delar av forfattargjerninga hennar, høvesvis av Elin Kvig ved UiO i 1979 som tok føre seg Borghild Krane som Amalie Skram-forskar, og av Astrid Utnes ved UiT i 1992 om lesbisk identitet i norsk mellomkrigstidslitteratur.

UB har manuskriptet (1944-47) til boka *I håpets tegn* som har handlinga lagt til Tromsø. Boka vart gjeven ut på Gyldendal i 1948. UB fekk manuskriptet frå forfattaren i 1981. I arkivboksen ligg også referat frå ei telefonsamtale dåverande universitetsbibliotekar Liv Helene Willumsen hadde med forfattaren i 1991.

Litteratur

Elin Kvigs hovudoppgave

<http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=010794883&kid=biblio>

Astrid Utnes si hovudoppgave (høvesvis opphavleg og omarbeidd versjon)

<http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=921017820&kid=biblio>

<http://ask.bibsys.no/ask/action/show?pid=931025850&kid=biblio>